

## Bokhausten

## Kvardagsliv i krig

105163

«I slike tider var det godt å bu i utkantstrok», seier Guri Hjeltnes etter ei kvinne i Sogn. Som generaliseringe utsegn har ho dekning. «Noen bygder og dalstrøk så knapt en tysker... andre hadde herrefolket... i nabodommet», les vi ein annan stad.

Kanskje Guri Hjeltnes skulle teke seg meir tid og plass til å få fram dei dramatiske skilnaden mellom til dømes Aust-Finnmark og strok i Sogn og Fjordane, indre Hordaland og mange grensestrokk i Sverige. Tyskartelleiken i bygder og tettstader innverka nemlig på så mangt, til dømes talet på «tyskarbarn». Dette siste skriv elles Guri Hjeltnes om med skjønsemeld. Det gjer ho også om råskapen og usseldomen til dei «tapre» hårklipparane ved kapitulasjonen i mai 1945.

For heilskaps skuld må det presiserast at det helst var i utkantstrok, som til dømes på toppen av Saltfjellet, i veglaus villmark og tundra i Finnmark, at 14 000 - 15 000 russarfangar, jugoslavar og andre døydde under «umenneskelig hardt arbeid, på flukt, ved henrettelser. Blodigere midler kjenner vi knapt til fra okkupasjonstiden enn de som ble tatt i bruk nordpå under byggingen av riksvei 50, jernbanen og tilknyttede befestningsanlegg». Hugs kva det kosta russiske og jugoslaviske slavearbeidarar neste gong du reiser med toget i Nordland, eller når du kører bil på riksveg 50 - no E6 - gjennom Finnmark.

Utkantstrok eller tettstrok, i alle fall hadde «hver nordmann sin krig». Slik krigen var i Oslo vest, var han ikkje på Toten, i Kristiansund, i Lofoten eller Kirkenes. Kirkenes opplevde elles 1012 flyalarmar og 328 russiske flyangrep. Nest etter La Valetta på Malta var Kirkenes den «oftest bombede i Europa», les vi. Ta ikkje opplysingane så bokstaveleg, bombing og bombing er så mangt. For kva med Stalingrad? Eller Leningrad?

Folk hadde meir pengar under okkupasjonen, no arbeidsløysa tok slutt. At det var lite å kjope, gjev seg sjølv. Guri Hjeltnes er presis med omsyn til arbeidssituasjonen: «Krigens og okkupasjonen økte menneskenes muligheter til å leve anständig og ekte». Eg er samd, om det elles er i strid med mange av dei propagandautsegnene vi hørde frå London. I alle fall er det litt av eit paradox - forresten heilt i tråd med Jean-Paul Sartres dogme om folk i kvardegen som, krig eller ikkje, pur ein måte levde friare. Og tyskarane opna pengeskapa skikkeleg, «satte folk i arbeide, og betalte dem

godt. Arbeidsledigheten ble borte som et resultat av den tyskdirigerte finanspolitikkene». Sanneleg kan ein tvilar av og til lure på om ikkje kongeriket vart administrert bra. Tvilen blir underbygd av realitetan bak legio statistiske taloppgåver, og som gav folk mot til å gifte seg og få barn. Kanske okkupasjonstida likevel ikkje gav folk den same håplause utryggleiken som den vedvarende depresjonen i mellomkrigstida gjorde, spør Guri Hjeltnes. No var det stort sett like tider for heile folket, paradoxalt nok, utan arbeidsløysa og store inntekter for dei få. Kvardagen måtte jo gå vidare, krig eller ikkje. Nettotilveksten i folketaket auka då også som aldri før - frå 11 000 i 1935 til 31 000 i 1945. Innbyggartalet i Noreg passerte 3 millionar under okkupasjonen. I alt misste 10 262 norske menn og kvinner livet på grunn av krigen - altså langt færre enn talet på russiske og jugoslaviske krigsfangar i landet vårt.

Det var ikkje NS, men Administrasjonsrådet (patriotar og høgt æra menn) som administrerte landet til vi kapitulerte 10. juni. Det var Administrasjonsrådet som sa: «Hold hjulene i gang... For å unngå sammenbrudd og full tysk kontroll». Litt av ein ordre. Frå ein tideleg offiser og jurist, stortingsmann, forsvars- og justisminister, og resten av rådet. Det var også i administrasjonsrådetets styringstid at «treemannsjuntaen» i Trondheim på sin uortodokse måte skaffa arbeidskraft til Værnes flyplass - så tyskarane kunne bombe og skyte på nordmenn som framleis slost. Entrepreneørar og tussentals arbeidslause jobba for fullt for tyskarane på andre flyplassar også - Fornebu, Sola, Gardermoen.

Det er mogeleg å forstå dei arbeidslause som endeleg slapp å gå på fattigkassa lenger. Entrepreneørar, derimot, som truleg aldri hadde svøte, kunne vel ha greidd seg så lenge.

Administrasjonsrådet styrtet også då arbeidstjenesta blei sett i verk. Ho skulle bli til ulukke for mange.

Kvifor har forresten denne boka om norsk kvardag fått ei pro-engelsk slagside? Kvifor to heilsider a la Dynastiet (eller som utbreittsjente) av prinsesse Elizabeth, «en kommende monark på post». Kor engelske skal vi vere? Vi betalte godt for oss i England! Når engelskmennene bomba mål i Noreg, trefte dei svært ofte ikkje

## Bokar

SVEIN BLINDHEIM

målet. Derimot råka dei meir enn ofte skulehus og andre bygningar, trikkar, båtar osb. Eg saknar ei oppgåve over slikt.

Det har også lite med norsk kvardag å gjøre at engelske kvinner i «The Land Army» «kjørte store lastebiler, ble konduktørar på bussene og togene, meldte seg til luftvernet». I andre land slost kvinner med våpen i alle tre forsvarsgreinene - pluss i partisanstrykane.

Som Guri Hjeltnes skriv «sparserte major Vidkun Quisling inn i studio til mikrofonen om kvelden den 9. april», og gjorde kjent at han hadde tatt over styret i landet og uthemnt si eiga regjering. Det er inga orsakring for at han fekk tilgjenge så lett. Men fritt etter bibelen, vil eg seie at han som sjølv er uskuldig, kan kaste den første steinen. Kanskje vi og skal vere litt glade for at Quisling slapp til mikrofonen. Hadde han ikkje gjort det, hadde Noreg truleg hamna i ei «dansk løysing». Sjølvsagt er dette ein hypotes. Men truleg hadde vi aldri fått vårt «Look to Norway», ikkje fått legio heltar, som folk flest elskar å ha - mange truleg skapte av sjølvskrivne bøker straks etter krigen. Vi hadde nok helst blitt ståande i eit anna lys, til dømes slik Leland Stowe opplevde oss, slik også The Daily Telegraph såg oss.

Guri Hjeltnes går detaljert inn på avisenes rolle: «I august 1940 blei sjø aviser rammet, deriblant Norges tre kommunistavisar ... som blei stanset da Gestapo gjikk i aksjon og arresterte kommunistenes tillitsmenn 16. august», dvs. i Administrasjonsrådetets styringstid, truleg utan at det hadde noko å seie frå eller til. Det kan vere bra å minne om for n-te gong, at kommunistane var i breinpunktet lenge før åtaket i aust 22. juni 1941.

Av avisene er det spesielt Aftenposten Guri Hjeltnes kritisert. Men Aftenposten vart ikkje dømt etter krigen. Dei gamle eigar-tantene stod ikkje i NS, må vite. Derimot blei dei berre rikare og rikare under og etter krigen, på grunn av den flyting start dei hadde på dei som vart stogga ved maktinngrep eller som sjølv sette punktum.

Boka har mange Øksnevadstat, til dels underleg lesnad for ein som sjølv levde storparten av okkupasjonstida i England/London og heime i Noreg. Øksnes-

vak og BBC eller ikkje, mytane får gjennomgå hos Guri Hjeltnes: »... en sammenrasket gjeng lykkejegere var NS ikke. Partiets elite var borgelig dominert, klart ... personer i høystatusyrker med over gjennomsnittet av utdanning... Den relativt brede tilslutning NS fikk, viser at vi ikke kan redusere partiets til forutlede fantaster og et psykiatrisk ... fenomen», slik mellom andre Øksnevad skildrar dei.

Heller ikkje er det «gutta på skauen» denne gongen, takk og pris. Då er det meir vekt på kvinnas rolle og med rette. Markt inne i det bildet kjem omtalen av London-regjeringas «bigamilov», den same regjeringens handsamming av finnmarksfolket 1944-45, påbelens hårklipping av «tyskertossene», m.m. Men les sjølv - eg lover at fleire mytar får hard medfart.

Når norsk krigs- og okkupasjonshistorie ein gong er fullført, når smular av innsats og dåd - små som dei kanskje er i det store spelet - blir filtrerte ut av mengda av reinspikka passivitet og vanry, vil Guri Hjeltnes bok «Hverdagsliv» stå att som det første av fem band som i allfall ikkje eg har innvendingar mot. Særlig band 1, som samstundes er framifrå i det store og heile, har eg, som eg sa med sordin i meldinga mi i Dag og Tid, sterke prinzipielle innvendingar mot. Det gjeld på to sentrale område: Behandlinga av forspelet til 9. april, og kapitlet om kapitulasjonen 10. juni 1940.

Vel kan det vere detaljar og visse ting i framstillinga og stoffa valet, eg kanskje ville gjort annleis. Men i sak er dette ei bok Guri Hjeltnes kan vere nögd med. Berre ei setning set eg finn逮er på - nemleg når ho skriv at «Formelt, folkerettlig var det regjeringen i London som styrtet landet». Det er ei spørsmål eg tvilar sterkt på. Då vi kapitulerte 10. juni avleverte vi alt, til siste gevær og siste patron. Alt. Og offiserane skrev under æresordet om ikkje å slåt meir i den pågående krigen...

Tekst, stoffval, og så bortetter er altå framifrå. Men også layout, bilde og typografi er utmerka. Guri Hjeltnes tek omsyn til pro et contra i framstillinga - ulike tolkingar soin så ny historie heilt sikkert proseserer til. Men dermed fell også mytane, den eine etter den andre.

**Guri Hjeltnes:**  
Hverdagsliv  
Norge i krig  
Aschehoug